



Svar til Fylkesmannen på mail datert 26.10. Bibeltrim - tiltak i barneskolen.

Det stemmer at 5. klasse ved Vikemarka skule skal gjennomføre eit opplegg kalla "Bibeltrim", planlagt gjennomført onsdag 28.10. Opplegget er ein del av opplæringa i KRLE, og er meint å dekkje deler av følgjande kunnskapsmål frå LK 06:

- forklare Bibelens oppbygning, finne fram i bibelske tekster og reflektere over forholdet mellom Bibelen og språk og kultur
- gjøre rede for sentrale fortellinger fra Det gamle testamente fra fedrehistorien til profetene
- gjøre rede for sentrale fortellinger fra Det nye testamente fra Jesus til Paulus

At det vert opplyst om at dette ikkje er ein del av KRLE-faget, og at timane vert tekne av andre fag, skuldast at skulen har gjort ei byting i timane. Dette er ei praktisk tilrettelegging. Elevane vil "få att" timane i norsk og kunst og handverk som vert nytta til dette opplegget i løpet av skuleåret, slik at talet på årstimar i kvart fag vert korrekt. Skulen ber om orsaking dersom dette ikkje har vore tydeleg nok kommunisert til heimane.

Når det gjeld informasjon til heimen, ligg opplegget inne i den lokale læreplanen/ halvårsplanen som dei føresette har fått utdelt. Det vart i tillegg informert om opplegget på vekeplanen veka før det skulle gjennomførast. "Bibeltrimheftet" som skal nytast i opplegget vart sendt ut til heimane samstundes med denne vekeplanen. Det skal dermed ha vore mogleg for dei føresette å orientere seg om opplegget og grunngjevinga for det.

Det stemmer at det er personar frå Den Norske kyrkja som gjennomfører opplegget. Det vil likevel vere lærar/ personale frå skulen til stades. Skulen har elles lang erfaring med at dei som leier opplegget forstår si rolle og driv med kunnskapsformidling, ikkje forkynning.

Skulen låner ut biblar til ein del elevar. Dette gjeld både dei som ikkje har eigen bibel, og dei som av ulike årsaker ikkje ønskjer (eller hugsar) å ta denne med til skulen. Skulen legg difor ikkje til grunn for opplegget at eleven bør eige eller for den del ta med ein bibel, men ber dei som har ein, om å ta med. Slik vil flest mogleg av elevane få øve på å slå opp i Bibelen, noko som er ein del av kompetansemåla som er siterte over.

Når det gjeld liknande opplegg frå andre trussamfunn, er både seksjon Skule og Vikemarka skule sjølvstøtt opne for dette. Det er likevel slik at ein ikkje har fått tilbod om liknande opplegg frå andre trussamfunn i nærområdet. Om ein får slikt tilbod, vil ein sjølvstøtt vurdere i kva grad opplegget vil kunne bidra til å dekkje ulike kunnskapsmål etter læreplanverket, og deretter inkludere dette i den lokale læreplanen i faget dersom dette er naturleg og ønskjeleg.

Vikemarka skule tilbyr eit eige alternativt opplegg til denne læringsaktiviteten. Det må vere ein føresetnad at eit alternativt opplegg dekkjer dei same kompetansemåla som "Bibeltrim". Opplæringslova § 2-3 seier:



Elevar skal etter skriftleg melding frå foreldra få fritak frå dei delar av undervisninga ved den enkelte skolen som dei ut frå eigen religion eller eige livssyn opplever som utøving av ein annan religion eller tilslutning til eit anna livssyn, eller som dei på same grunnlag opplever som støytande eller krenkjande. Det er ikkje nødvendig å grunngi melding om fritak etter første punktum.

Det kan ikkje krevjast fritak frå opplæring om kunnskapsinnhaldet i dei ulike emna i læreplanen. Dersom skolen på eit slikt grunnlag ikkje godtek ei melding om fritak, må skolen behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova.

Det er dermed slik at det er barnet og føresette si **oppleving** av ein aktivitet som vil bestemme behovet for å søkje fritak. Skulen kan ikkje diktere dette. Seksjon Skule ser difor ikkje at det er problematisk å tilby alternative opplegg, sjølv om opplegget ut i frå skulen si vurdering ikkje er forkynnande. Dette vil, slik lovteksten slår fast, kunne opplevast ulikt, avhengig av kvar enkelt sin ståstad. Eit døme kan vere truande innan andre religionar/ livssyn, som etter eiga oppfatning vil verte ureine dersom ein handterer andre religionar sine heilage bøker.

Seksjon Skule og Vikemarka skule kjenner sjølvstilt til regelverket rundt gudstenester i skuletida. Når vi gir elevane tilbod om å vere med på gudsteneste, er dette med tanke på å dekkje følgjande kompetansemål frå LK 06:

- forklare kristen tidsregning og kirkeårets gang, beskrive kristne høytider og sentrale ritualer
- beskrive kirkebygget og andre kristne gudshus og reflektere over deres betydning og bruk, og nytte digitale verktøy til å søke informasjon og lage presentasjoner
- presentere ulike uttrykk fra kunst og musikk knyttet til kristendommen

Ørsta kommune og Vikemarka skule er klar over at innhaldet i ei gudsteneste vil kunne opplevast både utøvande og forkynnande, og difor ikkje kan vere ein obligatorisk del av KRLE-faget. Vi tilbyr difor eit parallellt opplegg til dei elevane som av ulike grunnar ikkje ønskjer å ta del. Det er likevel avgjerande at dette opplegget dekkjer dei same kompetansemåla som ein nyttar gudstenesta til å dekkje, slik at ein ikkje fårøvar dei elevane som ikkje tek del i gudstenesta, den same moglegheita til måloppnåing som dei elevane som vel å ta del.

Seksjon Skule, ved Vikemarka skule, kan ikkje stå inne for ei opplæring som gir elevgrupper mindre høve til måloppnåing fordi dei ikkje ønskjer å ta del i læringsaktivitetar som er friviljuge. Det er difor ikkje aktuelt å fylle det parallelle opplegget med aktivitetar som ikkje har tilknytning til faget.

Vi vonar at dette er svar på spørsmåla/ bekymringane de uttrykkjer i mail til oss.

Mvh

Kirsti Øye Driveklepp

-seksjonsleiar skule, Ørsta kommune-

Fra: Støren, Nicolai [<mailto:fmmrnist@fylkesmannen.no>]

Sendt: 20. november 2015 12:49

Til:

Kopi: Kirsti Øye Driveklepp

Emne: Ørsta kommune - Vikemarka skule - bibeltrim-okt2015

Viser til tidligere telefonsamtaler og e-poster knytt til spørsmål knytt til organisering av undervisninga i KRLE ved Vikemarka skule.

Fylkesmannen fekk 27.10.15 ei utgreiing frå kommunen, der det går fram kva vurderingar som er gjort knytt til at elevane har hatt «bibeltrim». Vi har drøfta problemstillinga på kontoret, og Fylkesmannen legg til grunn at opplegget er klart forankra i kompetansemål i faget. Det går fram at faglærar er til stades når eksterne har opplegget, og alle som ikkje har med seg Bibel får den utdelt på skulen. At det blei sunge i løpet av timane, kan knyttast til at ein etter læreplana skal presentere ulike uttrykk og musikk frå kristendommen. Vidare er det opplyst at sidan undervisning ikkje skjer i vanlege krle-timar, vil elevane få tilbake undervisninga i faga som falt vekk den aktuelle dagen.

Det er mogleg informasjonen til foreldra kunne vore annleis og meir utfyllande, men ut frå det som er opplyst til oss, meiner Fylkesmannen opplegget er tilfredstillande. Vi legg særleg vekt på at kommunen er klar over skilnaden mellom undervisning og forkynning, og at ein har rutinar slik at elevar som av ulike omsyn ikkje kan/ønskjer ta del i opplegg som er for nært knytt til ein religion får fritak og ev. alternative opplegg. Når det gjeld retten til å melde fritak frå gudsteneste, går det fram at skuleeigar kjenner til retten og har eit system for dette.

I brevet frå skuleeigar, er det også opna for at andre livssyn kan få tid og rom til å presentere seg som ledd i undervisninga.

Ut frå den informasjon som er kome inn, finn Fylkesmannen ikkje grunn til å gå vidare med saka.

Med venleg helsing

Nicolai Støren

jurist, rådgivar

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fylkeshuset, 6404 Molde

Tlf.: 71 25 85 68

e-post: nicolai.storen@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no